

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/8725-1

Møtedatoar 2019 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møteplan for 2019 vert vedteken slik den ligg føre:

13. februar
14. juni
18. september
13. november

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram tilsvarende som i 2018. Det vert planlagt og datofesta fire møter i 2019. I tillegg kan det kome ekstra møte etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

2. Bakgrunn for saka

Budsjettramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa. Reglementet for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkestinget i sak nr. 36/07, med heimel i § 1 Lov av 17.06.07 om råd og anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Reglementet vart revidert i fylkestinget, sak 18/15.

3. Vurderingar og konsekvensar

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt som råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfelle sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må rådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkommande organ handsamar saka. Målsetjinga er at rådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

4. Konklusjon

Aktiviteter i samband med kurs og konferansar må vurderast opp mot budsjetttramma for 2019. Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogleg å komme med innspel til relevante politiske avgjerder.